







FØRDE KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE					
Møtestad:	Fomanskapssalen	Møtedato:	19.01.2011	Frå kl.:	08:00
				Til kl.:	08:15
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:					
		Møtte:	Forfall:	Merknader:	
1. Terje Gjertsen, Kjørslemøbbakkane 4a, 6800 F.(Leiar)		X			
2. Terje Engvik, Lindborg 6, 6800 Førde (Nestleiar)		X			
3. Sissel Viddal Laache, Solrusta 5, 6800 Førde		X			
4. Siw Landro, Skjærabøen 8a, 6800 Førde		X			
5. Per Arne Kloven, Storetungrova 17, 6800 Førde		X			
Personlege varamedlemmer:					
		Møtte:			
1. Monica Alisøy Kjelsnes, Stykkje 1b, 6800 Førde					
2. Norunn Ulvedal, Kvieneset, 6800 Førde					
3. Anders Bergset, Grovene 11, 6800 Førde					
4. Frode Steen, Gamle Vieveg 32, 6800 Førde					
5. Dag Chr Torvanger, Gamlestøylsv. 30, 6800 Førde.					
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Ordførar Nils Gjerland og rådmann Ole John Østenstad får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møter.					
Andre som møtte:					
SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:					
SAKLISTA I MØTET:					
001/11:	Skriv og Meldingar.				
002/11	Møteplan for kontrollutvalet i Førde.				
003/11	Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Førde.				
004/11	Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.				
005/11	Oppføljingsliste 1-2011 Førde.				
006/11	Eventuelt.				
Merknader:					
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.					
UNDERSKRIFTER:					
		6800 Førde	19.01.2011		
					
Terje Gjertsen (leiar)		Terje Engvik (nestleiar)			
					
Sissel Viddal Laache		Siw Landro			
					
Vidar Øvrebø sekretær		PER ARNE KLOVEN			

001/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 12.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2011	005/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-11 Brev frå KRYSS-revisjon til Førde kommune "Avslutning av årsrekneskapen for år 2010" datert 6. januar 2011.
- SM 02-11 Brev frå KRYSS-revisjon til Førde kommune "Rådmann sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, M.V.:"
- SM 03-11 Vedtak i bystyret, saknr. 072/10 "Eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane."
- SM 04-11 Vedtak i bystyret, saknr. 074/10 "Prosjektrekneskap – Sunde Barnehage."
- SM 05-11 Vedtak i bystyret, saknr. 076/10 "Prosjektrekneskap – Ytre Hafstad Barnehage."
- SM 06-11 Vedtak i bystyret, saknr. 075/10 "Prosjektrekneskap – Vie barnehage."
- SM 07-11 E-post frå KRYSS-revisjon til kontrollutvalet datert 12. januar, Statusoppdatering: Prosjekt "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren"

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

002/11 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE 2011

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.01.2011	002/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan for førde kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2011 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2011 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE 2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2011.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2011 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL FØRDE KOMMUNE 2011

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	19.		3./30.			6.		26.		19.	23.	
FORMANNSKAP	13./20./27.	3.	3./10./17.	7.	5./12.	9.		18./25.	8./15.		3./24.	1.
BYSTYRE		17.	31.	28.	26.	16.			29.	6./27.	17.	15.

003/11 ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 11.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.01.2011	003/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2010 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet til bystyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av bystyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Førde bystyre

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Førde kommune har i år 2010 vore samansett slik:

Medlemer:

Terje Gjertsen (leiar)
Terje Engvik (nestleiar)
Sissel Viddal Laache
Siw Landro
Arne Kloven

Varamedlemer

Monica Alisøy Kjelsnes
Norunn Ulvedal
Anders Bergset
Frode Steen
Dag Christian Torvanger

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2010.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2010 har kontrollutvalet i Førde hatt ni møte der det er handsama i alt 44 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2007 forvaltningsrevisjonsprosjektet: "Vurdere bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg." Rapport for prosjektet vart blei handsama i eige møte kontrollutvalet i februar 2010, Rapporten blei sendt vidare til bystyret med tilråding om vedtak.

Kontrollutvalet har valt nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2010; "Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren". Prosjektet blei tinga frå KRYSS-revisjon..

2010 handsama kontrollutvalet nytt økonomireglement og nytt finansreglement i Førde kommune og ga si fråsegn til bystyret vedrørande disse.

Kontrollutvalet tinga i 2009 eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, denne blei gjennomført og levert av SEKOM-sekretariat i 2010. Dette var eit samarbeidsprosjekt med dei andre eigarkommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn og rapporten vart sendt over til bystyret for handsaming..

I 2010 har kontrollutvalet motteke møteinnkalling og møtereferat frå IKS Førde kommune er medeigar i. Kontrollutvala har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar i selskap som er kommunalt eigde.

Kontrollutvalet har i 2010 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt i 2010:

- Sunde Barnehage
- Vie Barnehage
- Ytre Hafstad Barnehage.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Barnevernet i Førde – fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar.
- Ny næringsorganisering i indre Sunnfjord – vurdering av prosess.
- Byggjesaksrutinar
- Postrutinar og dokumenthandtering i Førde kommune.
- Skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde kommune.

På førespurnader frå Forum for Kontroll og Tilsyn godkjente kontrollutvalet at dei får legge ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF format på heimesida si.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Revisor orienterte kontrollutvalet om revisjonsarbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen for Førde kommune.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama møteplan for kontrollutvalet 2010, årsmelding 2009 frå kontrollutvalet og årsrekneskapen 2009 for Førde kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Førde den 19. januar 2011

Terje Gjertsen (S)
Leiar


Terje Engvik (S)
Nestleiar

Sissel Viddal Laache (S)

Siw Landro (S)

Per Arne Kloven (S)

Vidar Øvrebo
Sekretær



Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

004/11 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2011	004/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Bystyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 4. januar 2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 4. januar 2011 til vitande. Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 4. januar 2011 til vitande. Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, har i brev datert 4.01.2011 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Førde kommune.

005/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.01.2011	005/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2011 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 1-2011 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingslist 1-2011 Førde vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 6. desember 2010.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2011 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
07/09: Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	04.03.2009		04.03.09 Vedtak KU – tingingsdok. Godkjent. 09.04.10 s/oppstartbrev 09.04.10 s/spørjeskjema til representantar, styremedlemer og kommunane. 14.04.10 gjennomføringsplan presentert i kontrollutvalet. 24.11.10 Rapport sendt over til KS for handsaming.
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå adminstrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor. 27.08.10 Brev til førde kommune – orientering om postrutinar og dokumnethandeting. 20.10.10 Brev til Førde kommune – orientering om skatteoppkrevjarfunksjonen. 24.11.10 Orientering frå rådmann om skatteoppkrevjarfunksjonen. Ikkje s brev til KRYSS
03/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Sjølvkostberekningar – VAR- sektoren” – tingingsdokument.	20.01.10	Frist 31.01.2011	09.12.09 Vedtak KU om å tinge prosjektet frå KRYSS. 08.01.10 Møte Sekom/Kryss om tingingsdokumentet. 20.01.10 Vedtak KU – tinging godkjent. 20.01.10 s KRYSS for operasjonalisering. 24.02.10 Motteke prosjektplan frå KRYSS 17.11.10 Motteke revidert prosjektplan frå KRYSS. Sjå sak 011/10
011/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar – VAR- sektoren – prosjektplan	03.03.10		03.03.10 Vedtak KU – teke til vitande. 17.11.10 Framlagt prosjektplan for KU.
E-post til Førde kommune om innsyn.	14.04.10		14.04.10 Brev til Førde kommune. 15.06.10 Purra på svar. 07.07.10 Orientering pr e-post til KU. 10.12.10: Orientering pr e-post til kontrollutvalsmedlemer.
033/10 Oppfølgingsliste 5-2010 Førde	20.10.10		20.10.10 Vedtak KU - teke til vitande
035/10 Skriv og meldingar	24.11.10		24.11.10 KU vedtak - teke til vitande
036/10 Møtereferat 20.10.2010	24.11.10		24.11.10 Møtereferat godkjent.

037/10 Rapport – Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.	24.11.10		24.11.10 Rapport – Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Oversendt for handsaming i KS.
038/10 Orientering – skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde kommune.	24.11.10		24.11.10 Orientering – teken til vitande.
039/10 Oppfølgingsliste 6- 2010 Førde	24.11.10		24.11.10: Vedtak KU – Teke til vitande.
040/10 Eventuelt	24.11.10		24.11.10: Vedtak KU – Ikkje teke opp saker.
041/10 Prosjektrekneskap – Sunde barnehage.	01.12.10		01.12.10 Tilråding frå KU til bystyret.
042/10 Prosjektrekneskap – Vie barnehage.	01.12.10		01.12.10 Tilråding frå KU til bystyret.
043/10 Prosjektrekneskap – Ytre Hafstad barnehage	01.12.10		01.12.10 Tilråding frå KU til bystyret..
044/10 Repportar forvaltningsrevisjon og selkapskontroll – godkjenning frå kontrollutvalet til å legje ut på heimesida til FKT.	01.12.10		01.12.10 KU godkjenner at forum for kontroll tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapporter i PDF-format på heimesida si.

Oppdatert 06.12.2010

006/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.01.2011	006/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.